

Helselaget var med på Frivilligsamling på Rosendalstunet

20.12.2018



Astri Haugse og Marit Hauge saman med Eli Roseth Eik var med på førjulssamlinga på Rosendalstunet.

Uskedal Helselag var mandag i denne veka på frivilligsamling på Rosendalstunet. Verksemdleiar, Leif Kongestøl, helsa 25 frivillige velkomne til førsjulestreff. Av desse kom tre deltakarar frå Uskedalen, Marit Hauge, Astrid Haugse og Eli Roseth Eik. Frilligkoordinator for Rosendalstunet og Heimetenester Nord, Malin Omvik, var med på møte.

Frilligkoordinatoren vil samordna alle aktivitetar. Dersom ein ynskjer å skipa til aktivitetar på tunet, eller delta i aktivitetar der, er det ho som har oversikta. Ho vil til dømes samordna transport for dei som treng det, både til trening og Syng med oss. Dersom frivillige kan ta på seg transportteneste, vil dei få godtgjersle etter køyrdre kilometer. Det er berre å meldt seg som frivilig til Kongestøl eller Malin.

Loddsalet på Syng med oss har overskot. Det vil gå til velferdstiltak for beboarane.

Det vart stilt spørsmål om Fallforebyggjande trening. Kongestøl opplyste at nokre ikkje får tilbod om slik trening avdi ein ikkje veit om dei. Dei som ynskjer å delta på slik trening, eller deira pårørande, kan ta kontakt med Kongestøl eller Malin Omvik. Fastlegane vil bli oppmoda om å orientera aktuelle pasientar om tilboden.

Har ein høve til å bli besøks- eller turven, ta kontakt. Kanskje har ein eit par timer i månaden. Det vart peika på at dei frivillige treng yngre folk med. Dei langt fleste frivillige er passert 70 år.

Bustaden i Spania har god kapasitet. Har ein lyst å prøva eit opphold der er det også Kongestøl som veit råd. Kanskje kan fleire reisa saman? Kanskje treng ein einkvan med til hjelp under reisa. Raumasol ligg like ved. Ein har tilgang til heimesjukepleie, fysioterapeut, basseng og liknande. Slike ting vil han og Malin hjelpe til med.

Gamle skjerma avdeling er pussa opp og klar til å bli bufellesskap for 8 personar. Avdelingane på Rosendalsunet er oppkalla etter fjell. Bufellesskapet heiter Melderskin. Det vert opna i januar 2019. I februar vil også den siste avdelinga ved Rosendalstunet endeleg bli opna.

Det var ei hyggeleg stund med kaffi, blautkake og julebrød.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik

Nett: Kristian Bringedal



Verksemdleiar Leif Kongestøl inviterte til frivilligsamling på Rosendalstunet.